

Miljømerking av drivstoff

Bioteknologinemnda meiner at biodrivstoff frå genmodifiserte plantar som toler sprøytemiddel og skadeinsekt, ikkje bør kunne få miljømerket Svanen. Samstundes bør ein vere open for ny teknologi, som å produsere drivstoff frå genmodifiserte algar, dersom det viser seg å vere meir berekraftig enn drivstoffet vi har i dag.

Audrun Utskarpen

STIFTINGA MILJØMERKING skal revidere reglane for svanemerking av drivstoff, og har hatt eit forslag til nye merkjekrav på høyring. Miljømerking foreslår i første omgang at minst ein tredel av det svanemerkte drivstoffet må komme frå fornybar råvare, det vil seie biologisk materiale som blir produsert i naturen i løpet av 100 år. Resten kan vere fossilt drivstoff. For å kunne få svanemerket må drivstoffet fylle særskilte krav til klimautslapp, energiforbruk, råmateriale og mindre helsefarlege stoff i eksosen. Bioteknologinemnda meiner likevel det er problematisk å miljømerkje drivstoff, og framhevar at vi bør arbeide for å redusere transportbehovet og forbruket av drivstoff i framtida.

Berekraftig utvikling

Miljømerking foreslår mellom anna at biodrivstoff laga av råvarer frå genmodifiserte organismar, ikkje skal kunne få svanemerket, men det er enno ikkje avgjort om dette blir eit endeleg krav. Når Bioteknologinemnda gir råd om bruk av genmodifiserte organismar i Noreg, vurderer nemnda om den genmodifiserte organismen bidreg til berekraftig utvikling, er samfunnsnyttig og etisk forsvarleg, i tillegg til at han ikkje er skadeleg for helse og miljø. Genteknologiloven gjeld ikkje for import av biodrivstoff frå genmodifiserte råvarer, fordi biodrivstoffet ikkje inneheld levande organismar eller frø som kan spire. Bioteknologinemnda meiner at kriteria om berekraftig utvikling i genteknologiloven og forskrifta om konsekvensutgreiing som høyrer til, like fullt kan brukast til å avgjere om genmodifiserte råvarer i biodrivstoff er berekraftige.

Genmodifiserte plantar

I dag dominerer genmodifiserte plantar som toler sprøytemiddel eller skadeinsekt eller begge delar, på verdsmarknaden. Bioteknologinemnda har ikkje rådd til å godkjenne nokon av desse plantane for dyrking eller import i Noreg, og biodrivstoff frå slike råvarer bør etter nemnda si meining ikkje kunne få miljømerket Svanen. Bioteknologinemnda rår òg til å stille eigne krav til bruken av sprøytemiddel, anten råvarene er genmodifiserte eller ikkje. Som eit minstekrav foreslår nemnda å ikkje miljømerkje drivstoff når det er brukt sprøytemiddel som er rekna som så helse- og miljøskadelege at dei er forbodne i Noreg.

Vi kan rekne med at det kjem fleire nye typar genmodifiserte vekstar framover, blant anna plantar eller tre som er spesialtilpassa for å lage biodrivstoff. I februar i år godkjende til dømes det amerikanske landbruksdepartementet, USDA, den første genmodifiserte maisen som er særskilt utvikla for produksjon av etanol til biodrivstoff. Maisen er enno ikkje godkjent i EU.

Matplantar til drivstoff

I dag kan ein ikkje svanemerkje drivstoff som er laga frå korn, men stiftinga Miljømerking foreslår no å tillate dette. Bioteknologinemnda meiner derimot at vi ikkje bør nytte matplantar til biodrivstoff, og heller ikkje råvarer som konkurrerer om landareal med matproduksjon. I staden bør vi utvikle biodrivstoff frå andre kjelder, som trevirke, avfall frå matplantar, gjødsel og liknande.

Drivstoff frå algar og bakteriar

Ei ny kjelde til biodrivstoff som det i dag blir forska mykje på, er genmodifiserte mikro-



Biodrivstoff vil ta meir av marknaden i tida framover. Foto: Scandinavian StockPhoto.

algar og bakteriar, og fleire store internasjonale selskap har investert i slik forskning (sjå GENålt 3/2010). Til no har problemet vore at det er for dyrt å lage. Men genmodifiserte algar eller bakteriar kan produserast i lukka tankar, og Bioteknologinemnda meiner det er viktig å ikkje stengje ute nyvinningar dersom dei viser seg å vere meir berekraftige enn den teknologien vi har i dag.

Betre enzym med genteknologi

For å framstille etanol til biodrivstoff frå plantemateriale eller trevirke, må ein ofte bruke enzym som kan bryte ned råmaterialet. Genmodifiserte bakteriar kan brukast til å lage slike enzym, og denne produksjonen går for seg i lukka tankar. Sjølve enzymet er ikkje å rekne som genmodifisert og er derfor ikkje omfatta av genteknologiloven. Å finne fram til meir effektive enzym er nødvendig for å gjere produksjonen av denne typen biodrivstoff meir lønnsam. ♦

Les meir om kva loven seier, miljømerking og etanolmais på www.bion.no. Sjå òg GENålt 1/2008 og 2/2008.

Les høyringssvaret frå Bioteknologinemnda på www.bion.no.